




Kvam herad

Reglement for Kvam administrasjonsutval

2023- 2027





§ 1 Val og samansetjing

- Kvam administrasjonsutval skal ha 7 medlemer. 5 av desse skal veljast frå arbeidsgjevarsida med ei funksjonstid på 4 år, og 2 skal peikast ut etter høvetalsprinsippet, av og mellom arbeidstakarorganisasjonane med ei funksjonstid på 2 år.
- Representantane vert valde på det konstituerande møte til heradsstyre.
- Arbeidsgjevarrepresentantane skal veljast blant medlemmene i formannskapet.
- Varaordførar bør veljast som leiar for administrasjonsutvalet. Heradsstyret skal velja nestleiar mellom dei politisk valde medlemmene.
- Rådmann og HR-sjef møter på vegne av administrasjonen og har tale og framleggsrett.
- Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett (jamfør kommunelova 6-1, 3. ledd), men deltar normalt ikkje på møta til utvalet.
- Fell eit medlem frå eller vert løyst frå vervet, skal det veljast nytt medlem, sjølv om varamedlem er valt.
- Fell leiaren frå eller vert løyst frå vervet, skal ny leiari veljast sjølv om nestleiar er valt.

§ 2 Arbeidsområde

Administrasjonsutvalet skal handsama saker med heimel i kommunelova § 5-11 og hovudavtalen for KS- området § 4.

Administrasjonsutvalet har elles uttalerett/tilrådingsrett i større organisasjonsgjennomgangar i Kvam herad. Drøftingar om overordna personalutviklingstrendar/visjonar vil også vera naturlege å drøfta i administrasjonsutvalet.

§ 3 Mindretalsanke

I saker der utvalet har avgjerdsmynde, kan eit mindretal krevja at saka vert lagt fram for heradsstyret. Ordførar og rådmann kan også anka saker.

§ 4 Kompetanse og habilitet til arbeidstakarrepresentantane

Dei tilsette sine representantar vert medlemer i utvalet med dei same rettar og pliktar som dei politisk valde.

§ 5 Møte/ Innkalling/ sakliste

- Administrasjonsutvalet skal ha møte når leiaren finn det naudsynt, eller minst 3 medlemer krev det.
- Administrasjonsutvalet skal følgja lov og føresegner - og så langt det høver; dei retningsliner for saksbehandling, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Kvam heradsstyre sitt reglement §§ 2, 5, 6 og 7-21 (med unntak av interpellasjonar og §§ 19 og 20).
- Innkalling og utforming av sakliste til møta skal skje i tråd med kommunelova § 11-3.
- Det skal førast møteprotokoll i tråd med kommunelova § 11-4. Saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på politikarportalen og innsyn.
- Administrasjonsutvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Avgjerder vert tekne med vanleg (simpelt) fleirtal. Ved likt røystetal har leiaren dobbelrøyst.

§ 6 Sekretariatet

Politisk sekretariat har sekretærfunksjonen for administrasjonsutvalet.

Sekretæren kan i samråd med leiaren kalla inn andre det er ynskje om å spørja om råd.